

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.11.2019

### Handsaming i møtet

Kontrollutvalet, fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, revisor og sekretariatet føretok evaluering av arbeidet i KU i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Tilfreds med måten møta har vore gjennomført på. Funne ein fin form på avvikling av møta. God møteleiing. Ønskeleg med meir tid med politisk leiing og administrativ leiing undervegs i prosessar utan at det går ut over utvalet sitt sjølvstende. Evaluere arbeidet i løpet av perioden.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ok med lange dagsmøter.
3	Klarer KU å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Utvalet er godt nøgd med sitt arbeid, har truffet godt på mange saker. Fylkesrådmannen er også godt nøgd med at det vert gjennomført ROS analyser i starten av perioden for å sikre at det vert nytte i det som vert gjennomført.
4	I kva grad har KU hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvane på ein god måte?	Dei økonomiske rammene har vore tilstrekkelege slik at ein har kunne gjennomføre dei kontrollane som har vore naudsynt.
5	Korleis blir KU oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som fylkestinget og administrasjonen?	Administrasjonen opplever at samarbeidet med kontrollutvalet fungerer godt og at revisjonane som er gjennomført har vore til nytte for dei. Adm. meiner også at det er ryddig og saklig tone i kontrollutvalet samstundes som det vert stilt kritiske spørsmål. KU føler at fylkestinget har hatt god respekt for det arbeidet som ein har gjort.
6	Har fylkestinget og administrasjonen forståing av KU si rolle? Korleis kan KU bidra til ei god forståing?	Jf. punkt 5
7	Er det klare roller og klar ansvarsdeling mellom KU, fylkesting og administrasjonen?	Jf. punkt 5.
8	I kva grad er KU synleg nok på fylkeskommunen si heimesida? I kva grad er KU synleg i media? Kva kan gjerast betre?	Burde vore synlegare på heimesida. Sakene som KU arbeider med bør komme fram på heimesida. Invitere kommunikasjonsavdelinga til det nye utvalet for å diskutere korleis KU kan verta meir synleg på heimesida.
9	Bør KU gjere meir og/eller mindre av noko?	ROS- analysen er viktig for å sikre at dei rette kontrollane vert gjennomført.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Deloitte meiner KU er eit velfungerande utval. KU meiner Deloitte har gjort eit framifrå arbeid for utvalet.

		Mange og gode diskusjonar med revisor om ulike tema. Dei har også vore lydhøyre for å gjera endringar i prosjekta. Deloitte kan likevel tenke meir på om det skulle dukke opp nye rauda flagg undervegs i revisjonen med tanke på å gjera ev. endringar i bestillinga. Kan leiaren få fullmakt til å godkjenne ev endringar?
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Det er ein vanskeleg prosess.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Sekretariatet har gjort oss gode. Eit av dei beste sekretariata i Noreg.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innbyggjarar</li> <li>- Tilsette</li> <li>- Andre folkevalde</li> <li>- Presse og media</li> </ul>	Har prøvd å ta tak i slike saker på ein så god måte som mogleg. Burde fått fleire henvendingar frå innbyggjarar. Ønskjeleg å få tilsendt medieoppslag som gjeld saker KU handsamer.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KU innehalde og kor omfattande bør det vera? <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilstrekkelege ressursar til opplæring</li> </ul>	Det nye utvalet bør få det same som i denne perioden. Nyttig å møte dei fylkeskommunale KU på Vestlandet.
15	Folkevaldopplæringa for fylkestinget: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bør KU få delta her?</li> <li>- Bør roller og ansvar for KU presenterast her?</li> </ul>	Ja og gjennomført.
16	Anna	Erfaringsoverføring til nytt utval. Leiar i KU bør vera til stades i det første møtet i 2020.

Forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

### Vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 – 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet Vestland fylkeskommune i valperioden 2019 – 2023.